



Styret si årsmelding for driftsåret 2019 – 2020.

Årsmeldinga dekkjer tidsrommet mellom årsmøta i april 2019 og mai 2020.

Rekneskapan er for kalenderåret 2019. Budsjettet for kalenderåret 2020 er godkjent av styret i samsvar med vedtektene.

Verksemda og foreininga sitt formål

Verksemda vart skipa i 1969 under namnet Verkstedforeininga i Ulstein distrikt, seinare endra til Maritim Forening for Søre Sunnmøre, til dagleg MAFOSS.

MAFOSS tek opp medlemsbedrifter frå kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda, men pr april 2020 er det ingen medlemsbedrifter frå Vanylven.

MAFOSS har som primæroppgåve å fremje interessene til den maritime næringa og styrke konkurranseevna til næringa i vårt område.

Styret valt på årsmøtet 2019:

Monika Nipen	Kleven verft	Ny for 2 år
Ann-Magritt Ringstad	Ulstein	Ikkje på val
Guri Sætre	Island Offshore	Ikkje på val
Geir Sundal	Kongsberg Maritime	Ny for 2 år
Hallvard Pettersen	Brunvoll	Ikkje på val
Oddvar Saunes	Bjørklund Holding	Ny for 2 år
Margrete Heltne Hovde	Tussa24	Attval 2 år

NB: Mads-Andre Værnes kom fast inn for Monika Nipen då ho i løpet av året gjekk over i stilling i ny bedrift.

Vararepresentantar valde

for eit år:

Mads-Andre Værnes	Kleven verft
Vidar Gjerdsbakk	Ulstein
Tor Egil Rise	Hareid Group
Tommy Fredriksen	Kongsberg Maritime
Iver Bjørnerem	Ulmatec
Jan Tore Leikanger	Jets
Joar Sundgot	Servi Ulsteinvik

Styret har mellom årsmøta hatt 6 styremøter der ein har handsama 43 saker.

Fagutval:

- Forskning og utviklingsutvalet, leia av Nils Roar Hareide (Runde Miljøsenster)
- Logistikk og prod.utvalet, leia av Arild Djupvik, Rolls-Royce Marine AS (Kongsberg Maritime frå 1.4.19)
- HMS-utvalet, leia av Henrik Johansen, Rolls-Royce Marine AS (Kongsberg Maritime frå 1.4.19)

- Opplæringsutvalet, leia av Svein Magne Tenfjord (Island Offshore Management)
- Personalutvalet, leia av Monika Nipen, Kleven (juni 2019)

Status i driftsåret/ framtidsutsikter

Aktiviteten i medlemsbedriftene i den maritime bransjen har siste driftsåret vore utfordrande for mange, men fleire klarer å halde produksjonen oppe. Sjølv om det er komne langt fleire kontrakter innan nye segment, er det likevel utfordringar knytt til å tene på desse kontraktene.

Rederia i regionen har hatt betring med langt færre skip i opplag, men utfordringane deira er framleis å få langsiktige og lønsame kontraktar. Fleire rederi har gått inn i nye marknader, til dømes med satsing på fergedrift. Dette kombinert med cruise og anna reiselivsaktivitet ser ut til å kunne gi positive bidrag.

Talet på tilsette i MAFOSS-bedriftene har i løpet av driftsåret blitt kraftig redusert, og grunna mellom anna coronasituasjonen frå mars 2020 er det knytt stor usikkerheit til status, mellom anna grunna permitteringar og fleire oppseiingar.

Strategiprosess og aktive medlemsbedrifter:

Styret har ilar året lagt til rette for ein omfattande strategiprosess der det har vore god deltaking frå bedriftene. Med eigne samlingar for styret samt samling av medlemsbedrifter har det vore ein god prosess der ein har diskutert kva som skal styrkast, kva som fungerer og kva som skal droppast. Resultatet er eit nytt strategidokument som skal presenterast på årsmøtet 2020.

I tillegg til strategiprosessen har styreleiar og DL besøkt dei største av medlemsbedriftene for å få innspel til kva dei treng frå MAFOSS som organisasjon. Desse besøka har vore svært givande og konkrete for oss.

Nokre av områda adm har vore engasjert i siste driftsåret:

- ⇒ Påverknad inn mot det politiske miljøet er eit viktig område for MAFOSS. Det har frå administrasjonen vore fleire møter med det politiske Norge heilt frå kommunenivå, via fylket, stortingskomitear og opp til departementa.
- ⇒ Infrastruktur/samferdsel er eit viktig saksområde for MAFOSS.
 - I driftsåret har Hafast, RV15 og AutoPass Ferge hatt fokus.
 - DL har deltatt i fleire møter om Hafast, og sit i interimstyret for RV15/ Strynefjellet
 - Autopassordninga på fergene har vore ei viktig sak, ikkje minst grunna ekstrem prisauke ved innføring. Dette har vi vore fleire rundar med politisk og i media.
- ⇒ Kursverksemd: Vi tilbyr pr i dag fleire ordinære sertifiseringskurs enn tidlegare, men grunna situasjonen næringa har vore i, og framleis er i, har det i driftsåret vore seld vesentleg færre kurs enn vanleg til medlemsbedriftene.
- ⇒ MAFOSS samarbeider tett med vidaregåande og høgare utdanningsmiljø i fylket.
 - MAFOSS v/ Jan er aktiv i Forum For Yrkesfag (FFY), som er opplæringskontor- og ringar sin organisasjon i M&R med 25 medlemskontor pr i dag.
 - MAFOSS og FFY er nytta som rådgivande organ inn mot utdanningsmessige forhold innan fylket.

- MAFOSS er også representert i styret for Fagskolen i M&R, der Jan fram til april 2020 har vore nestleiar. Han er ønska som vara til styret for neste periode etter ønske frå NHO og LO og Yrkesfagnemnda i Fylket.

⇒ Integreringsprosjektet:

Samarbeid mellom MAFOSS, M&R Fylke, NAV, IMDIR og kommunene på søre luten om eit felles integreringsprosjekt. Busette innvandrarak får høve til å ta fagbrev som ind.mek ved Herøy vgs og med praksis i MAFOSS-bedrifter. Pilotprosjektet er av nasjonal interesse, og får svært god respons både av medverkande bedrifter, skule og politisk toppleing.

⇒ Fagskole i bedrift/ Bransjeprogrammet.

- MAFOSS v/ Jan har vore prosjektleiar regionalt for prosjektet Fagskole i bedrift, eit tiltak for å fremje kompetanseheving av fagfolk i industrien ved å tilby undervisning på arbeidsplassen. God respons på gjennomført satsing. Blir vidareført slik responsen er no.

⇒ - HMS-dagen er viktig for MAFOSS, og var også ein suksess i 2019. Planane for samlinga i mars 2020 gjekk ut grunna corona, men blir tatt opp neste driftsår.

Dette arrangementet treff svært bra på tvers av bedriftene, og er til inspirasjon for tilsvarende fagsamlingar i dei andre utvala.

⇒ Øvrige møteplassar:

Gjennom MAFOSS sine fem fagutval møtest bedriftene våre formelt og uformelt til drøfting av felles tematikk. Det er ulik møtefrekvens på utvala, men møta vert omtalt som fagleg og sosialt svært nyttige for dei som er med. Ved at ein roterer på kor ein møtest får medlemmane i utvala informasjon og god oversikt over andre bedrifter i MAFOSS sin medlemsmasse.

⇒ MAFOSS 50 år i 2019

Bra markering med omfattande temadag og festkveld november 2019 markerte MAFOSS som vital 50-åring.

⇒ Årets første julebord.

Etter innspel i strategisamlinga på hausten vart det lagt plana for eit «årets første julebord». Dette vart gjennomført i samarbeid med Kongsberg CM på «UP» i Ulsteinvik i byrjinga av mars. Dette var den siste større samlinga før Coronaviruset stengte ned mykje aktivitet.

⇒ CORONA/ Covid-19

Utfordringane for bransjen har vore enorme i samband med pandemien som pr mai 2020 framleis set verda på pause. Mange tiltak er sette i verk, og DL har vore engasjert på vegner av bedriftene i mellom anna kurstiltak i samarbeid med ÅKP, regionalt og lokalt politisk møteaktivitet, og sentralt politisk arbeid i samarbeid med Norsk Industri for å sikre flyt av arbeidskraft til og frå EU. Arbeidet har vore omfattande og tidkrevande.

Økonomi

Foreininga har ein meir og meir utfordrande økonomi som følgje av at dette er 3. året med underskot. Årsresultatet for 2019 viser eit underskot på kr – 549.645,-. Underskotet vert dekt av eigenkapitalen. Underskotet skuldast i hovudsak dette: Lågare driftstilskot pga. færre tilsette, færre lærlingar og svært liten etterspurnad på kurs.

Administrasjon/arbeidsmiljø

Det har vore 2/3 tilsette siste driftsår. Terje Høybakk gjekk av med pensjon 1 mars 2020, og Ann Cesilie Skundberg er frå juni 2019 tilsett 40% som prosjektleiar for integreringsprosjektet.

Jan Thormodsæter er tilsett som Dagleg Leiar i 100% stilling. Foreininga har kontor i det maritime miljøet på Stålhaugen 7 i Ulsteinvik, og arbeidsmiljøet er godt.

Vegen framover

Det gjenstår framleis å sjå om lønsemda i våre medlemsbedrifter blir betre. Det er også sentralt at det vert sikra vidare produksjon ved at dei store motorane i vår region vert sikra arbeid. Styret meiner difor at foreininga har ei viktig framtid og at oppgåvene foreininga har må bli vidareført og styrka ytterligare. Det gjeld særleg innanfor områda kompetanse/ rekruttering, samarbeid skule/næringsliv, samferdsel/ infrastruktur og politisk påverknad. Likevel er det viktig å søkje samarbeid med andre i ei utfordrande tid. Ein har i løpet av året sett på alternative driftsmodellar og styret har forslag til årsmøtet om endring i struktur og samarbeidsmodellar som vil løyse mykje av dagens utfordringar.

Styret ser tilbake på eit aktivt men krevjande driftsår, og ser fram til å møte utfordringane 2020 byr på med fornya styrke og vidare satsing.

Ulsteinvik, 08. mai 2020

Oddvar Saunes
Styreleiar

Ann-Magritt Ringstad
Nestleiar

Geir Sundal

Hallvard Pettersen
Hovde

Guri Sætre

Margrete Heltne

Hallvard Pettersen

Mads Andre Værnes

Jan Thormodsæter
Dagleg leiar